

Møteprotokoll frå i Nysæter sokneråd 28.januar 2020

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 28.januar 2020 Kl. 17.00 -19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Mat:	Heine Kaldefoss
Opning:	Ingebjørg R Grønsdal

" *Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand* "

Innkalla: Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Forfall: Ståle Betten og Kristine Wiersen.

SAKLISTE

2020/01- 012.1 :Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent

2020/ 02-012.1 :Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 3.12.19

Godkjent med denne merknad : Marit Stalheim Grimstad sjekkar om Sagvåg forum har fått melding om at Ståle Betten er vald som vår representant der.

2020/03-150 :Søknad frå Mathias Matre om kursstøtte til Liv Global.

Søknaden låg ved innkallinga til soknerådsmøtet. Han bed om 1500 kr.

Vedtak: Soknerådet stettar søknaden, ynskjer lukke til og vil svært gjerne at han deler opplevingane med kyrkjelyden og event. konfirmantane. Utgiftene vert dekkja av Rindmidlar. Oddbjørg Løkling sender skriftleg svar til Mathias Matre.

2020/04-150: Søknad frå Åshild Grimstad om dekking av reiseutgifter til ungdomstinget 6.- 8. mars.

Søknaden låg ved innkallinga til soknerådsmøtet. Ho søker om kr 800,- .

Marit Stalheim Grimstad sa seg ugild i denne avrøystinga.

Vedtak: Soknerådet stettar søknaden og ynskjer lukke til. Utgiftene vert dekkja av Rindmidlar. Oddbjørg Løkling sender skriftleg svar til Åshild Grimstad.

2020/05-217: Representant i KM styret

Stord KFUK/KFUM har i sine vedtekter skrive at dei ynskjer ein representant i styret frå eit av sokneråda. Sokneråda i Stord og Nysæter vert då representert annakvart år. Først ute er Nysæter sokneråd.

Vedtak: Nysæter sokneråd sin representant i K/M styret 2020 vert Oddbjørg Løkling. Vara vert Kristine Wiersen. Oddbjørg Løkling sender svar til Stord KFUK/KFUM v/ Helge Haga.

Møteprotokoll frå i Nysæter sokneråd 28.januar 2020

2020/06-370: Kyrkjemiddag på bedehuset 15.mars

Soknerådet har tradisjon for å arrangere kyrkjemiddag saman med Sagvåg Indremisjon. Kyrkjemiddagen denne våren vert 15.mars etter gudstenesta. Soknerådet har ansvar for å lage middag. Meny: Betasuppe og pølse i brød. Me treng ein komité som syt for å handle inn og lage middag, samt halde kontakt med bedehuset. Bedehuset har ansvar for å møblere rommet med småbord og kjøpa inn dessert. Kontaktperson på bedehuset er Rune Petterteig

Vedtak: Me treng tre personar i komiteen: Komiteen vert: Marta Kristin Valvatne, Heine Kaldefoss og Oddbjørg Løkling.

2020/07-332: Komite til konfirmantfesten 5.mai 2020.

Det ligg føre eit vedtak i eit tidlegare sokneråd om at Soknerådet i Nysæter ynskjer å halde konfirmantfest for årets konfirmantar. Konfirmantfesten vert 5.mai. Soknerådet set opp ein komité som skal førebu festen saman med representantar frå staben. Me treng 3 personar i komiteen.

Vedtak: Komiteen vert Jens Arne Stautland, Karen Marie Valvatne og Marit Stalheim Grimstad. Jens Arne kallar inn komiteen.

2020/08-120:Budsjett.

Framlegg til førebels budsjett førelåg. Jørgen orienterte ut frå oppsettet. Detaljar og endeleg vedtak kjem på langdagen 15. februar.

Vedtak: Budsjetter vert vedteke på soknerådsmøtet 15. februar.

2020/09-120:Spira

Våren 2019 vart det starta opp arbeid med å lage og gje ut felles kyrkjelydsblad for sokna Nysæter og Stord. Namnet vart Spira, og det kom ut med 3 utgåver i 2019. Bladet er godt motteke hjå lesarane.

Redaksjonen har bestått av tilsette og frivilljuge oppnemnt av soknerådet, med spr.Olav Oma som redaktør.

Tanken var at bladet skulle vere sjølvfinansierande ved annonseinntekter og frivillege gåver.

Det har synt seg vanskeleg å få nok annonsørar. Utgiftene har vore monaleg større enn inntektene. Sokneråda støtta i 2019 med ca. 35.000, og FR betalte rekningar på ca. 50.000,-

Ei utgåve kostar pr. no om lag kr 35.000,- med fulldistribusjon i heile kommunen. Stord SR gjorde i møte 16.01 vedtak om at dei ynskjer å gje ut bladet vidare med tre utgåver i året, med ei utgiftsramme på kr. 35.000,- pr utgåve. Dei vil garantere for inntil 20.000,-.

Ynskjer Nysæter SR å prioritere dette arbeidet vidare med økonomiske midlar? For å halde bladet i drift under noverande forutsetningar lyt vi for vår del budsjettere med 15.000,-

Vedtak: Nysæter sokneråd ynskjer at arbeidet med bladet held fram, og seier seg viljug til å gje ein økonomisk garanti på inntil kr.15.000,- for heile 2020.Nysæter sokneråd vil etter avtale gjere sitt for å skaffe naudsynt ekstern finansiering.

Møteprotokoll frå i Nysæter sokneråd 28.januar 2020

Drøftingssaker:

- **Evaluering av døgnet:**

Innkalling og orientering kom i god tid.

Ynskjeleg med ein temadugnad i sokneråda tidleg haust slik at me får koma med innspel på saker me ser behov for å ta opp.

Hotellet greitt.

Innhald: Kjekt å verta kjend med nye. Informativt. Godt for nye mdl å få kurset heilt i starten av perioden. Raus måte å gå inn i arbeidet på.

Passeleg lenge. Presentasjonen av tilsette svært nyttig særleg for nye, men kan vera kortare neste gong. Presten syns det var godt å møta sokneråda slik.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat frå Soknerådsmøte Nysæter 3 desember
2. Referat frå soknerådsmøte i Stord
3. Referat frå fellesrådsmøte 17.desember
4. Referat frå gudstenesteutval 14.januar

Ingen merknader til referata.

- **Orienteringssaker:**

1. Orientering frå kyrkjelydsarbeidet: Mat og prat, T 10,11,12, Puls på livet,
2. Rekneskap og økonomi: Vart handsama som eiga sak 2020/08-120:Budsjett.
3. Oversikt over vårsemesteret i Nysæter kyrkjelyd

Utdelt oversikt tek me no vare på og fyller inn i etter kvart.

Marit Stalheim Grimstad
Soknerådsleiar
Sign

Oddbjørg K. Løkling
Nestleiar /referent
Sign

Neste møte i soknerådet
vert laurdag 15.februar